



REFERAT TIL RÅDSMØTE 1 I RYFYLKERÅDET

Tidspunkt: 09:00 -12:00 tysdag 25. januar 2024.

Sted: Ryfylke IKS: Ryfylkevegen 7040, 4130 Hjelmeland

Deltakrar:

Ordførar Hjelmeland: Anita Husøy Riskedal
Ordførar Suldal: Mads Drange
Kommunedirektør Suldal: Karin Dokken Austvik
Fung. ordførar Strand: Bjørg Tryland
Kommunedirektør Strand: Heidi Klaveness
Ordførar Sandnes: Kenny Rettore
Kommunedirektør Sandnes: Bodil Sivertsen
Ordførar Sauda: Håvard Handeland
Kommunedirektør Sauda: Vegard Thise

Styrelaiar Ryfylke IKS: Kristoffer Amdal

Forfall:

Kommunedirektør Hjelmeland: Janne Johnsen

Sak 01/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Rådet godkjenner innkalling og saksliste.

Sak 02/24: Godkjenning av referat fra Rådsmøtet 05.12.23

Vedtak:

Rådet godkjenner møtebok frå møte 05.12.23.

Sak 03/24 Orientering om New Kaupang

Ketil Barkved frå New Kaupang gjorde greie for strømtilførsel i søndre Ryfylke.

Vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

Sak 04/24 Utdanningscenter i Ryfylke

Fylkesopplæringsjef Eiliv Fougner Jansen heldt ei innleiing til saka, der han beskreib prosessen som ligg til grunn gjennom arbeids- og referansegruppa som vart satt ned - og tilrådingane som der har kome fram. Lasse Eide deltok digitalt.

Vedtak:

1. Utdanningscenteret i Ryfylke skal ha eit felles eigarskap mellom kommunane og fylkeskommunen.
2. Det vert sett ned eit utval bestående av to ordførarar + ein politiskar frå fylket for vidare utgreiing av selskapsform og plassering. Ordførarane er Mads Drange frå Suldal og Anita Husøy Riskedal frå Hjelmeland.
3. Det blir lagt fram status og oppfølgingsplan for utdanningscenteret i Ryfylke på neste rådsmøte.

Sak 05/24 Attraktivitetsprosjektet «Attraktive Ryfylke»

Torfinn Opheim, som fram til no har vore prosjektleiar for attraktivitetsprosjektet, har meldt frå at han ikkje ønskjer å halde fram med arbeidet, og Ryfylkerådet må ta stilling til den vidare drifta av «Attraktive Ryfylke».

Vedtak:

Det blir utarbeida ein statusrapport og evaluering av prosjektet. Til Rådsmøtet 12. mars blir det lagt fram ei sak med vurderingar om vidareføring eller avslutning av prosjektet.

Sak 06/24 Orienteringssaker

Vedtak:

Orienteringssakene blir tatt til vitande, med desse presiseringane:

MOR-konferansen 2024

MOR-konferansen blir flytta ei veke fram til 05.-06. september 2024.

Ryfylketing 2024

Ryfylketinget for 2024 blir kansellert. Nytt Ryfylketing blir avholdt i 2025.

Ny selskapsavtale for Ryfylke IKS

Kommunedirektørane utarbeider forslag til ny selskapsavtale som skal behandlast i kommunestyra.

Sak 07/24 Møteplan for 2024

Rådsmøte 1:	Torsdag 25.01	kl. 09:00 – 12:00	Hjelmeland
Rådsmøte 2:	Tirsdag 12.03	kl. 09:00 – 12:00	Hjelmeland
Rådsmøte 3:	Onsdag 22.05	I samband med Ryfylke Quiz-finalen på Tau	
Rådsmøte 4:	Fredag 18.10	kl. 09:00 – 12:00	Hjelmeland
Rådsmøte 5:	Tirsdag 10.12	kl. 12:00 – 15:00	Hjelmeland

Morkonferansen: 5. og 6. september

Ryfylketinget: utsatt til 2025

Vedtak:

Møteplan vart gjennomgått, justert og vedteke.

Sak 08/24 Eventuelt

Ingen saker.

Sak 09/24 Tilsetting av ny dagleg leiar i Ryfylke IKS

Tilsettingsutvalet har einstemmig innstilt Inge Løyning fra Sauda til jobben. Inge har akseptert tilbudet. Inge vil starte 50 % i stillinga frå 1. februar og 100 % frå 1. april.

Vedtak:

Tilsetjing av Inge Løyning som dagleg leiar i Ryfylke IKS vart einstemmig vedteke.